

HANDLINGSPLAN FOR EIT TRYGT OG GODT SKULE–OG



«Det er så mangt
i livet du ventar
deg og vil. Men
meir enn det å

Bygland

Revidert 2023

Innhald

Innleiing	4
Medverknad	4
Føremål	5
Overordna mål	6
Opplæringslova §9A	7
Barnehagelova kap.8 Psykososialt barnehagemiljø	10
Kommunens rolle	11
Samarbeid om eit trygt og godt skule-og barnehagemiljø.....	12
Aktivitetsplikta	13
Skulen sine faste rutiner for å førebygge, følge med og avdekke.....	15
Barnehagen sine faste rutiner for å førebygge, følgje med og avdekke.....	17
Krav til internkontroll.....	18

Vedlegg:

Mal for aktivitetsplan for skule og barnehage

Mal for varslingskjema

Sto att til sist
då fus og and
skulle velje spelalar
til laga sine
gjekk åleine bak
då to og to
løp bortetter fortauge
og tre i breidda
ikkje fekk plass
spissa øyra sjølv om eg ikkje ville høyre
då dei kviskra og fnisa der borte.
Aldri heilt innafor
men ikkje utafor nok til å få hjelp.

Innleiing

Barn skal ha det trygt og godt i skule og barnehage. Det er dei vaksne sitt ansvar. Både som barn og vaksne er vi menneske avhengig av kvarandre for å kunne utvikle oss og trivast. Vi har behov for å bety noko, å bli høyrte, sett og høyre til.

Alle ynskjer vi å høyre til i fellesskapet, og alle er vi redd for å hamne på utsida. Denne planen skal rettleie barnehagen og skulen i sitt arbeid med å lage eit trygt og godt miljø for alle.

Barnets rett til å ha det trygt og godt på skulen er sikra gjennom Opplæringslova §9A. Fagfornyinga banar veg for ein ny kurs med sitt fokus på inkludering og mangfold. Den legg større vekt på samanhengen mellom fagleg og sosial læring, og har eit auka fokus på elevmedverknad. Skulen har i følge overordna del i Fagfornyinga både eit *dannelsesoppdrag* og eit *utdanningsoppdrag*. Skulen skal formidle kunnskap, og utvikle haldningars.

Eit nytt kapittel 8 i barnehagelova sikrar alle barns rett til eit trygt og godt barnehagemiljø. I Rammeplanen for barnehagen vert danning knytta til barns erfaringar med deltaking i demokratiske fellesskap. Barn skal erfare, og sjølv vise samhald og solidaritet, samstundes som dei som einskildindivid skal bli sett og lytta til.

Å gi barn og unge ein trygg og god oppvekst er ikkje eit samfunnsoppdrag som barnehagane og skulane kan klare åleine. Det krev samarbeid mellom mange aktørar. «It takes a village to raise a child» seier eit afrikansk ordtak. Føresette, barnehage, skule, politikarar og lokalmiljø er alle del av den landsbyen og må vere med og stø opp om arbeidet om ein skal lukkast. Dannelsesoppdraget er eit kollektivt ansvar. Gjennom haldningar, dialog, aktivitetar, planar og kommunale satsingar kan dei ulike partane bidra på ein positiv måte.

Vi vaksne må òg bli flinkare til å snakke *med*, og ikkje bare *til* barn og unge. Det er dei som har best kompetanse på korleis dei har det, og det er vårt ansvar å involvere dei. «Meir elevstemme i monitor» kallar mobbeombodet i Oslo det. Det er ein god hugsergel.

Medverknad

Alle involverte partar har vore med i arbeidet med planen. Det har vore work-shop med ungdomsråd og elevråd, og den har vore på høyring i SU. Innhaldet i planen har blitt drøfta i fleire samarbeidsmøter mellom tenesteleiarar, assisterande tenesteleiarar og ped.rådgjevar, og tilsette og dei tillitsvalde har hatt planen på høyring.



Føremål

I høve Opplæringslova §9A og Barnehagelova kap.8 har alle barn rett til eit trygt og godt oppvekstmiljø som fremmar helse, trivsel og læring. Skulane og barnehagane skal ha nulltoleranse mot krenkingar, mobbing, vald og trakassering.

Alle tilsette ved skulane og barnehagane i Bygland kommune har eit felles ansvar for å skape eit trygt, godt og inkluderande skule- og barnehagemiljø. Alle tilsette har også eit felles ansvar for å førebygge, avdekke, motverke og stoppe krenkande åtferd og mobbing. Denne planen skal sikre eit systematisk arbeid og at alle er kjend med pliktane og prosedyrane for å skape eit trygt og godt skule- og barnehagemiljø for alle barn og elevar.

Målgruppe	Føremål med planen
Barnehage- og skuleeigar	Ivareta det overordna ansvaret med å sikre eit trygt og godt skule- og barnehagemiljø i kommunen.
Leiinga ved skule og barnehage	Bruke planen aktivt i det systematiske arbeidet med eit trygt og godt skule- og barnehagemiljø Bruke planen aktivt i saker der barn opplever å ikkje ha eit trygt og godt miljø. Bruke planen aktivt til å sikre at alle tilsette har nødvendig kunnskap og kompetanse på området.
Personalet i skulen og i barnehagen	Ha felles kunnskap om skulen og barnehagen sitt systematiske arbeid med eit trygt og godt miljø. Ha felles kunnskap om og tilnærming til korleis ein jobbar i saker der barn opplever å ikkje ha eit trygt og godt miljø. . På foreldremøter bør kvar kontaktlærar konkretisere kva det tyder i den einskilde klasse, og barnehagen for den einskilde avdeling. Tilegne seg kunnskap på området trygt og godt skule- og barnehagemiljø.
Foreldre, føresette og elevar	Ha moglegheit til å sette seg inn i skulen og barnehagen sitt arbeid for eit trygt og godt miljø. Ha kjennskap til korleis skulen og barnehagen handsamar saker der barn opplever å ikkje ha eit trygt og godt miljø.

Overordna mål

- Alle barn i Bygland kommune skal ha eit trygt og godt barnehage-og skulemiljø.
- Alle tilsette skal ha god og oppdatert kunnskap om kva som fremmar eit inkluderande fellesskap.
- Alle tilsette skal arbeide aktivt for å ha gode relasjonar til alle barn og elevar, til kollegaer og til føresette. Dei skal vere gode rollemodellar i ord og handling.

Vi skal nå måla våre ved å:

- Kartlegge barn og unges stemme og tillegge den stor vekt.
- Samarbeide med barn og føresette om det førebyggande og haldningsskapande arbeidet i skule og barnehage.
- Reflektere over eigen praksis og lære av ny kunnskap, erfaringar og tilbakemeldingar. Justere praksis i tråd med ny kunnskap.
- Førebygge, avdekke og handsame krenkande ord og handlingar gjennom å ha ei felles forståing av omgrepa, og ved å ha ei trygg og tydeleg leiing.
- Sikre at alle som arbeider ved barnehagane og skulane veit korleis dei skal følgje med, gripe inn og varsle dersom dei får kjennskap til eller har mistanke om at eit barn ikkje har det trygt og godt.



Opplæringslova §9A

Kapittel 9A er også kalla elevanes arbeidsmiljølov. Kapittel 9A regulerer elevanes fysiske og psykososiale skolemiljø.



§ 9A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø.

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

Refleksjon: Kva tyder det at eit barn har det *trygt*? Korleis ser ein det? Korleis sikre at *alle* elevar har eit trygt og godt skolemiljø? Kva er det som *fremjar* helse, trivsel og læring?

§ 9 A-3. Nulltoleranse og førebyggande arbeid

«Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering.

Skolen skal førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skolemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane.»

Refleksjon: Kva tyder det i praksis å ha *nulltoleranse*? Kva tyder dette for arbeidet vårt og rutinane våre? Kva legg vi i omgrepene *krening*?

§ 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

«Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking syner at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå:

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skulen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.»

Refleksjon: Korleis følger vi med i det daglege? Er det situasjonar der vi ikkje følger med? Kor legg vi lista for når vi grip inn? Korleis grip vi inn? Korleis gripe inn med respekt for alle partar? Har skulen rutine for når det skal varslast til skuleeigar? Kva er *alvorlege tilfelle*? Kva er rutinene for dokumentasjon?

§ 9 A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkar ein elev

«Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren. *Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga.* Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.»

Refleksjon: Kva gjer ein om ein kollega krenkar ein elev? Kva slags rutinar har vi, og når drøfter vi desse? Korleis sikrar vi at *alle som arbeider på skulen* kjenner desse rutinane?



§ 9 A-6. Statsforvaltaren si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

«Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til statsforvaltaren etter at saka er teken opp med rektor.

Statsforvaltaren skal avgjere om aktivitetsplikta etter [§§ 9 A-4](#) og [9 A-5](#) er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal statsforvaltaren avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skolemiljøet på skolen der eleven går når saka blir meldt til statsforvaltaren.

Skolen og skoleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka. Statsforvaltaren skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i statsforvaltaren si saksbehandling.

Kjem statsforvaltaren til at skolen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter [§§ 9 A-4](#) og [9 A-5](#), kan statsforvaltaren vedta kva skolen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og statsforvaltaren skal følgje opp saka. Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skolen sitt ordensreglement, jf. [§ 9 A-10](#), eller at ein elev skal bytte skole, jf. [§ 9 A-12](#).

Avgjerala til statsforvaltaren er eit enkeltvedtak og kan pålagast etter reglane i forvaltningsloven. Skoleeigaren har ikkje klagerett».

Refleksjon: Kva slags rutinar har vi for dokumentasjon?

Barnehagelova kap.8 Psykososialt barnehagemiljø



I 2021 vart det innført eit nytt kapittel VIII i barnehagelova. Det omhandlar det psykososiale miljøet i barnehagen. Bakgrunnen for endringa er at forsking syner at mellom åtte til tolv prosent av alle barnehagebarn i Noreg opplever å bli mobba. Mobbinga skjer i form av plaging, erting eller gjentatt utestenging frå leik. Einskilde barn opplever også å bli mobba av dei vaksne, eller at skulda vert lagt på dei sjølve om dei opplever å bli mobba. Det vart lovfesta at barnehagen ikkje skal godta krenkingar som utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på korleis barna har det.

§ 41.Nulltoleranse og førebyggande arbeid

«Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.»

Refleksjon: Kva tyder det å ha *nulltoleranse*? Kva er ei *krening*?

§ 42.Plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

«Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.

Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c) når tiltakene skal gjennomføres
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene
- e) når tiltakene evalueres.»

Refleksjon: Korleis sikre at *alle som arbeider i barnehagen* kjenner til korleis ein skal følge med og melde frå? Kven skal dei tilsette melde bekymring til? Tenesteleiari/assisterande tenesteleiari/andre?

Kva er *alvorlege tilfeller*?

§ 43. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen, krenkar eit barn.

«Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakkassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeiaren.

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakkassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeiaren direkte.

Undersøkelser og tiltak etter § 42 tredje og fjerde ledd skal iverksettes straks.»

Refleksjon: Kva gjer ein om ein kollega eller leiar krenkar eit barn?

Kommunens rolle

Kommunen er ikkje formell klageinstans og Statsforvaltaren ikkje handhevingsinstans for saker om trygt og godt barnehagemiljø. Likevel har kommunen ei viktig rolle i høve trygt og godt barnehagemiljø. Det er kommunens ansvar å påse at barnehagane vert drive etter barnehagelova med forskrifter. Om føresette opplever at barnehagen ikkje følger opp saker som handlar om eit trygt og godt barnehagemiljø, kan dei kontakte barnehagemynde i kommunen. Kommunen følger opp slike henvendingar gjennom samtale og rettleiing av barnehagen.

Samarbeid om eit trygt og godt skule- og barnehagemiljø



Elevrådet

Skulane skal ha eit elevråd for årstrinna 5.-10. Elevrådsrepresentantane skal veljast seinast tre veker etter skulestart på hausten (jf. § Oppl.I.11-2).

Skulane skal vere ein viktig demokratisk arena for barn og unge der dei kan oppleve medverknad.

Opplæringslova § 9A-8 sikrar elevanes rett til å delta i arbeidet med skulemiljøet.

FAU

I følgje Opplæringslova §11-4 skal det på kvar grunnskole vere eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skolen, er medlemmer. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt skulemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skulen, legge til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

Samarbeidsutvalet(SU)

I følge Opplæringslova §11-1 skal det ved kvar grunnskole vere eit samarbeidsutval. Bygland kommune har eit felles Samarbeidsutval for skule og barnehage. Det er to deltararar frå kommunen. Den eine er tenesteleiar, den andre er leiar i Levekårsutvalet.

SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skule og barnehage.

Skulemiljøutval (SMU)

Alle grunnskuler skal og ha eit skulemiljøutval.(Oppl.I §11-1a). I skulemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte. Skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Tenesteleiar skal informere om desse rettane på første møte i SU om hausten:


- SMU har rett på og skal få informasjon om alt som er viktig for skulemiljøet
- SMU skal bli tatt med på råd i arbeidet med skulemiljøtiltak
- SMU har rett til å uttale seg og koma med framlegg i alle saker som gjeld skulemiljøet

- SMU har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.

SMU skal arbeide for eit trygt og godt skolemiljø. Både SU og SMU skal haldast informerte om alt som er viktig for skolemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skolemiljøtiltak. SMU skal årleg som eit minimum drøfte delen av elevundersøkinga som gjeld trivsel og skolemiljø. SMU skal også årleg evaluere skulen sine tiltak for å fremme eit trygt og godt skolemiljø jf. denne planen.

På kvart møte i SMU skal det fast orienterast om nå-situasjonen kring skolemiljøet, og det kontinuerlege arbeidet som blir gjort for å sikre eit trygt og godt miljø for alle elevane.

Aktivitetsplikta



1. Plikta til å følge med

- I samband med skule – og barnehagestart skal *alle tilsette* bli orientert om plikta til å følge med og korleis skulen/barnehagen gjer dette i praksis.
- Kvar skule og barnehage skal ha tilsynsordningar der dei aktivt og systematisk observerer barna.
- Det skal konkretiserast i oppvekstsentera sine rutinar korleis ein følger ekstra godt med på særskilt sårbare barn.

2. Plikta til å gripe inn

- I samband med skule – og barnehagestart skal *alle tilsette* bli orientert om plikta til å gripe inn med ein gong det skjer ei hending som er utrygg eller krenkande for eit eller fleire barn.
- Oppvekstsentrar skal ha rutiner for når ein grip inn, korleis ein grip inn og grensene for å gripe inn.

3. Plikta til å varsle

- I samband med skule – og barnehagestart skal alle tilsette bli orientert om plikta til å varsle.
- Alle skal vere trygge på kven dei varslar til, og korleis.
- Tenesteleiari kan delegera ansvaret for å ta imot og følge opp varsel, men har framleis det overordna ansvaret. Tenesteleiari varslar skuleeigar i alvorlege tilfelle.

- Dei tilsette skal varsle tenesteleiar *straks ved mistanke* om at eit barn ikkje har eit godt og trygt skule – eller barnehagemiljø.
- Ved mistanke om at tilsette krenkar eit barn, skal ein varsle tenesteleiar *omgåande*. Tenesteleiar varslar skuleeigar.
- Ved mistanke om at tenesteleiar krenkar ein elev, skal ein *ikkje* kontakte tenesteleiar. Skuleeigar skal varslast direkte.

4. Plikta til å undersøke

- Ved *mistanke om*, eller kjennskap til, at eit barn ikkje har eit trygt og godt skule- eller barnehagemiljø, skal ein undersøkje saka *snarast*.
- Tenesteleiar er ansvarleg, men kan delegera undersøkinga eller gjennomføre den i dialog med tilsette.
- Skulen eller barnehagen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller mot om eleven er blitt krenka eller mobba. Plikt til å undersøke inneber at ein undersøker barnet si oppleving av skule- eller barnehagemiljøet. *Barnet si meining og oppleving skal vere sentral*. NB! Skulen og barnehagen har plikt til å undersøke sjølv om barnet seier at det har det bra.
- Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunn for barnet si oppleving og elles kva som kan ha innverknad på korleis dei opplever skule- eller barnehagemiljøet.
- Ei undersøking kan vere å avklare ting tilbake i tid, eller ting som har skjedd utanfor skule – eller barnehagetida om dette har innverknad på barnet sin kvardag på skulen eller i barnehagen.
- Alle barn som er involvert skal bli høyrte. Det skal gjennomførast samtalar med alle involverte barn og føresette. Føremålet med desse samtalane er tredelt:
 - 1: Undersøke saka og samle informasjon.
 - 2: Barnet skal bli hørt og møtt med respekt og omsorg.
 - 3: Gi tydeleg beskjed om at mobbing ikkje er akseptert, og informere om at skulen eller barnehagen undersøker saka.

Eksempel på mogelege informasjonskjelder: Tilsette, skulebussjåfør, helsesjukepleiar, systematisk observasjon, foreldremøte, brukarundersøkingar eller andre skriftlege undersøkingar.

5. Plikta til å setje inn tiltak

- Tenesteleiar er ansvarleg for å setje inn tiltak innan fem virkedagar når eit barn sjølv seier frå, eller når undersøkingar viser at eit barn ikkje har det trygt og godt på skulen eller i barnehagen.
- Om undersøkinga ikkje avdekker krenkingar, skal det likevel settast inn tiltak så lenge barnet sjølv ikkje opplever eit godt og trygt skule- eller barnehagemiljø.
- Dersom undersøkinga avdekker krenkingar, skal det lagast aktivitetsplan både for den som blir krenka og for den som utset andre for krenkingar.
- Begge partar har rett til å bli høyrte, og begge partar skal følgjast opp. *Barnets beste vurdering* er sentral. Er fleire barn involvert, skal ein vurdere kva som er det einskilde barnets beste.
- Tiltaka må vere lovlege, gjennomtenkte, tilpassa og målretta.
- Det skal som ein regel gjennomførast tiltak på både individ- og systemnivå.
 1. Tiltak på individnivå er knytt til det enkelte barnet sitt behov i kvar einskild situasjon. Det kan vere jamlege samtalar, observasjon, ein vaksen som er i nærleiken eller auka kontakt med heimen.

2. Tiltak på systemnivå kan være etablering av nye reglar, vennegrupper, omorganisering av dagen, auka vaksentettleik eller arbeid med haldningar i personalgruppa. Sanksjonar må vere i tråd med ordensreglementet. Kollektive sanksjonar er ikkje tillate.

- Det vert laga ein skriftleg aktivitetsplan.
- Alle partar skal vere med å følge opp og evaluere planen.

6. Dokumentasjon

- Oppvekstscentra skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta.

Skulen sine faste rutinar for å førebygge, følge med og avdekke:

Kva	Når	Ansvar
Sørge for at alle tilsette er kjent med aktivitetsplikta og deira ansvar i høve denne. Dette gjeld også rutiner for vikarar som bare er innom i korte periodar.	I oppstarten av kvart skuleår og ved behov.	Tenesteleiar
Sørge for at alle tilsette er kjent med handlingsplanen for eit trygt og godt skule-og barnehagemiljø.	I oppstarten av kvart skuleår	Tenesteleiar
Rutine for å fange opp særskilt sårbare barn.	I oppstarten av skuleåret	Tenesteleiar
9 A tema på kvart teammøte.	Gjennom heile året	Teamleiar
Sørge for at alle foreldre/føresette har informasjon om retten til eit trygt og godt skolemiljø og retten til å melde til Statsforvaltar.	Foreldremøtet ved starten av skuleåret	Tenesteleiar
Kartlegging av miljøet to gonger i året gjennom elev/foreldresamtale.	Haust og vår	Kontaktlærar
Elevrådsaktivitetar. Trivselstiltak	Heile året	Elevrådkontakt
Relasjonskartlegging blant det pedagogiske personalet.	Haust og vår	Tenesteleiar
Årleg undersøking av skolemiljøet gjennom elevundersøkinga.		Tenesteleiar

Oppfølging av resultat frå elevundersøkinga.		Tenesteleiar og ped.rådgjevar
Tilpassa opplæring/ inkluderande praksis	Gjennom heile året	Tenesteleiar
Systematisk oppfølging av fravær (jf. Handlingsrettleiar for ufrivilleg fravær)	Gjennom heile året	Tenesteleiar+ kontaktlærar
Inspeksjon og tilsyn - aktiv vaksenkontroll.	Heile tida	Tenesteleiar
Aktivitetar på den einskilde skule. 	Gjennom heile året	Alle
Program for sosial kompetanse	Årleg	Tenesteleiar
Evaluering av, og samarbeid om arbeidet med det psykososiale miljøet med elevrådet.	Årleg	Tenesteleiar
Evaluering av, og samarbeid om arbeidet med det psykososiale arbeidet med SU.		
Foreldremøter med tema.	Haust og vår	Tenesteleiar /assisterande tenesteleiar barnehage/ped.rådgjevar
Jentesnakk og gutesnakk	Årleg/ ved behov	Helsejukepleiar
Individuelle samtalar	Ved behov	Sosiallærar/ helsejukepleiar
Ressursteam	Ved behov	Leiar av ressursteamet.
Møter med ABUP	4 gonger i året	Spes.ped koordinator

Barnehagen sine faste rutinar for å førebygge,følge med og avdekke:

Kva	Når	Ansvar
Sørge for at alle tilsette er kjent med aktivitetsplikta og deira ansvar i høve denne. Dette gjeld også rutiner for vikarar som bare er innom i korte periodar.	Ved oppstarten av barnehageåret og ved behov	Assisterande tenesteleiari
Gjere Handlingsplanen for eit trygt og godt barnehagemijø kjent for dei tilsette	I oppstarten av barnehageåret	Assisterande tenesteleiari
Årleg relasjonskartlegging blant det pedagogiske personalet. <i>Korleis er min autoritative vaksenstil mot dei ulike barna?</i>	To ganger årleg	Assisterande tenesteleiari
Sosiometrisk øving; t.d «venskapsbussen». Kartlegge relasjonar i barnegruppa.	Årleg	Ped.leiar
		
Refleksjon i personalgruppa om korleis ein møter barn og foreldre.	Jamnleg (årshjul)	Assisterande tenesteleiari og ped.leiar
Fokus på overgangar. T.d å skulle starte på skulen, flytting, dødsfall, skilsmisses, nye syskjen o.l.	Jamnleg (årshjul)	Assisterande tenesteleiari / alle
Snakke med barnet.	Heile tida	Alle
På personalmøter: Drøfte ei felles forståing av omgrep i kap.8. Korleis legge til rette for sosial deltaking, jf Rammeplanen.	Jamnleg (årshjul)	Assisterande tenesteleiari

Dagleg kontakt med foreldre/føresette.	Kvar dag	Den som kjenner barnet best/ ped.leiar
Tett vaksenkontakt.	Kvar dag	Styrar/alle
Aktivitetar i den einskilde barnehage.	Gjennom heile året	Alle
Program for sosial kompetanse	Gjennom heile året	Assisterande tenesteleiar
Kartlegging gjennom brukarundersøkinga/ evaluering av foreldresamarbeid	Årleg	Assisterande tenesteleiar/ tenesteleiar + ped.rådgjevar
Faste dagar med helsejukepleiar og PPT i barnehagen.	Gjennom heile året	Helsejukepleiar PPT

Krav til internkontroll

Kommuneloven §25-1; Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen.

«Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a. utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering
- b. ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c. avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d. dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e. evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.»

Handlingsplanen skal sikre at skule- og barnehageeigar følger opplæringslova 9A og kap 8 i barnehagelova. Leiinga i skule og barnehage må sikre at ein har interne rutinar for at planen vert fulgt, jf delegeringsreglementet.

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Laringsmiljo/skolemiljo-udir-3-2017/6.-hva-skal-skolen-gjore-aktivitetsplikten/>

«Om nokon skal få vere barn, må nokon vere vaksne-heile tida.»

(Oddvar Bjørnestad,2015)

Vedlegg 1:

Aktivitetsplan for barnehagen

Barnets namn:	Avdeling:		
Bekymring meldt av:	Dato for meldt bekymring:	Dato for når det vart sett i gong tiltak:	
Kva går bekymringa ut på?			
Tiltak som skal sikre barnet eit trygt og godt barnehagemiljø:			
Individ:			
Gruppe:			
System:			
Kven skal gjennomføre tiltaka:	Individ	Gruppe	System
Dato for evaluering:			
Underskrift og dato Barnehagen	Underskrift og dato Føresette		

Vedlegg 2:

Aktivitetsplan for skulen

Elevens namn:	Klasse:		
Bekymring meldt av:	Dato for meldt bekymring:	Dato for når det vart sett i gong tiltak:	
Kva går bekymringa ut på? Kva for problem skal tiltaka løyse?			
Tiltak som skal sikre eleven eit trygt og godt skolemiljø:			
Individ:			
Klasse/gruppe:			
System:			
Kven som skal gjennomføre tiltaka:	Individ	Klasse:	System
Dato for gjennomføring av tiltaka:			
Dato for evaluering:			
Underskrift og dato Skulen	Underskrift og dato Føresette		

Vedlegg 3:

Varslingsskjema for skulen

Eleven sitt namn:	
Klasse:	
Bekymring vert meldt av:	
Bekymring vert meldt til:	
Dato for når rektor har mottatt varsel:	
Kva dreier bekymringa seg om?	
Korleis vart bekymringa oppdaga?	
Kven har snakka med eleven det gjeld?	
Blir bekymringa fulgt opp med tiltak gjennom aktivitetsplan?	
Er føresette varsla om situasjonen?	